

Årsmøte i Solund idrettslag
05.02.12

Tid: 17.00 – 19.30

Stad : Vestibylen i idrettsbygget

Desse møtte : Doris steinsund, Tom Erling Bahun, Hilde Marit og Bjørn Trovåg, Trond Osland, Ingvar Mårstig, Egil Røed, Kim Arnes, Lasse Sørensen, Heidi Sanden, Ingunn Mjåtveit, Kjell Jonny Trovåg, Michael Niesar og Irene Sanden.

Leiar Michael innleia møte med å ynskje velkommen.

Det kom ingen merknadar til innkalling eller saklista. Leiar har nokre saker på evt. Desse kjem etter ordinære saker.

Sak 1 Val av møteleiar

Vedtak : Michael

Sak 2 Val av referent

Vedtak : Ingunn

Sak 3 Val av 2 til å skrive under møteboka

Vedtak: Ingvar og Hilde Marit

Sak 4 Årsmelding

Det vart ikkje delt ut andre årsmeldingar enn Fotball, material og dugnad ansvarleg si. Ein vart einig om at dersom nokon ynskte det kunne ein få dei tilsendt på epost.

Michael gjekk gjennom årsmeldinga til leiar og bordtennis. Det var ikkje skrive ferdig årsmelding i symjegruppa, Michael refererte til stoa her.

Egil gjekk gjennom fotballgruppa, material og dugnad si årsmelding.

Trond hadde laga til og sendt årsmelding, men denne var ikkje teke ut. Han refererte til trend med stigande tal besøkande på fjelltrimmen.

Ingunn gjekk gjennom handball, volleyball og trimrommet si årsmelding.

Det vart referert frå basketball trening av Michael. Denne er det Yvites som har ansvar for. Her har vore eit aukande interesse.

Det vart ikkje referert noko frå gruppa med aerobic, barneidrett, sirkeltrening og tysdagstrimmen med Yvonne.

Det kom forslag om at ein hang opp årsmelding frå Fjelltrimmen i vestibylen (og evt. andre årsmeldingar).

Vedtak: Årsmøte tek årsmeldingane til orientering.

Sak 5 Rekneskap 2011

Rekneskapet er revidert av Unni Ravnøy og Dagrunn krabbestig. Dei tilrår at rekneskapet vert godkjent.

Kasserar Heidi gjekk gjennom rekneskapet.

Vedtak : Årsmøte godkjenner rekneskapet for 2011.

Sak 6 Medlemskontingenten

Medlemskontingenten har ikkje vore auka på fleire år.

Det er eit ynskje frå styret at ein grunna planar for vidareutvikling av idrettsbana aukar medlemskontingenten.

Det kom inn ynskje om at ein undersøker om det er mogleg å ha med barn i familie til dei er 18 år. Dette skulle ein undersøkje.

Vedtak: Ein legg på medlemskontingenten med kr 100 på familieabonnement og kr 50 på dei andre kontingentane.

Årskontingentar for Solund idrettslag for 2012 :

Familie : kr 600(inkl barn 0-16) Voksen : kr 350

Barn : kr 200 Student : kr 200

Støttemedlemar : kr 150 Eigendel trimrom : kr 250

Dersom det let seg gjere å endre alder på barn i familie frå 0-16 til 0-18 år vil ein gjere det.

Sak 7 Val

Desse er på val:

Leiar Michael Niesar

Styremedl. Yvonne Roskam

Styremedl. Trond Osland

Varamedl Anne Kari Reigstad

Revisor Dagrunn Krabbestig

Valnemnda sitt forslag :

Leiar Michael – tek attval

Styremedl Marit Utvær

Styremedl Irene Sanden

Varamedl Rune Steinsund

Revisor : Borgny Leirvåg

Vedtak: Årsmøte gjekk inn for forslaget frå valnemnda.

Styret konstituerer seg på førstkommande styremøte.

Saker som har komme inn på eventuelt :

Sak 8 "Mobilretur"

Solund idrettslag er trekt ut til å få vere med på innsamling av mobilar. Ein får kr 35 pr innsamla mobil. Michael informerte meir om prosjektet.

Styret har hatt ein liten "brainstorming" på dette og Michael refererte til innspel som er komme inn. Ein vil ha nokre innsamlingspunkt der folk kan levere inn mobilar. Dei som samlar inn 20 mobiltelefonar får eit klippekort til bassenget.

Prøve å marknadsføre prosjektet ut for å få inn flest mogleg mobilar , nytte alle sosialemedia.

Andre innspel til inntekt til idrettsbana er :

→ kontakte nokre eksterne støttespelarar

→ invitere lokal næringsliv til å sponse

Styre arbeidar vidare med innspela.

Sak 9 Ordensreglar for SIL

Det er utarbeida nokre oppslag med ordensreglar for SIL.

Desse vert publisert rundt om. Ein vonar desse kan nyttast som eit verkty for aktivitetsleiarane.

Det kom innspel om å kalle inn alle aktivitetsleiarane til felles møte m.a. for å snakke om felles retningslinjer og krav som t.d innesko/ treningskler.

Det er eit ynskje at ein tek vidare i styret :

Kva gjer ein med dei som nyttar aktivitetar som ikkje er medlemmar av SIL ?

Refr. Ingunn